

Vi viser til brev frå Det samfunnsvitskapelege fakultet som gjeld årsrapport for utdanning.

# Årsrapport for utdanning 2020

## Institutt for sosialantropologi

### Oppfølging av årsrapport for utdanning 2019

- **Praksisemne:** Status for dette arbeidet i 2019 var at det vart lagt på is då instituttet ikkje har undervisings- og administrative ressursar til å kunne tilby praksisemne. Dette gjeld framleis, men me ønskjer å kunne halde fram med arbeidet på sikt.
- **EVU-emne:** SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon går våren 2021 for fjerde gong. Etter manglande promotering frå UiB Vidare og lågt studenttal i fjor (11 deltararar), er me tilbake igjen med eit meir tilfredsstilande studentmasse på 19 aktive studentar per februar 2021.
- **Engelskspråkleg masterprogram:** ein komité samansett av tre stabsmedlemmar arbeidde ila 2020 med å evaluere kor vidt det er ynskjeleg og mogleg å opprette eit engelskspråkleg masterprogram som erstatning for det norske. Komiteen sine vurderingar vart lagt fram for staben hausten 2020, og konkluderte med at det ikkje var ynskjeleg på det noverande tidspunkt. Hovudårsakene var at studentane gjev uttrykk for at dei ynsker norskspråkleg undervisning, og ei omlegging til engelsk kan og ha negative konsekvensar for rekruttering av norske studentar med norsk som andrespråk. Instituttet bør bruke ressursar på å styrke rekruttering til vårt eige MA-program i staden for å legge mykje tid og arbeid ned i ein særskilt krevjande omstillingss prosess. Dette arbeidet er me i gang med bl.a. gjennom nedsetjinga av ein komité som evaluerer bachelorprogrammet vårt (sjå under). Andre sentrale orsakar er Covid-19, og at ressurssituasjonen ved instituttet er såpass prekær og uavklart for augeblikket, at ei omlegging på det noverande tidspunktet er for risikabel. Andre faktorar som blir trekt inn er det pågående arbeidet med å opprette ein engelskspråkleg Nordic Master in Integration and Migration, som uansett vil styrke det engelskspråklege tilbodet ved instituttet. På bakgrunn av komiteen sine anbefalingar har instituttet valt å legge det vidare arbeidet med eit engelskspråkleg masterprogram til side inntil vidare, men det vil bli tatt opp att på eit seinare tidspunkt.
- **Sommarskule:** SANT270 Sommarskule i antropologiske forskingsmetodar er ein del av [prosjektet NorGePart](#), er finansiert av DIKU. Sommarskulen skulle etter planen gå tre somrar på rad, men grunna korona måtte me avlyse i 2020. Me håper å få gjennomført sommarskulen slik den vart gjennomført i 2019, eventuelt med tilpassingar, men per februar 2021 er dette usikkert.

### Emne- og programevaluering for 2020 Oversikt over emne- og programevalueringar for 2020

Emne/program	Punkter frå evaluering	Plan for oppfølging
BASV-SANT Programsensorrapport	Programsensor har særleg fordjupa seg i digitaliseringa	Programsensor meiner det er forbetringspotensiale mtp å


	<p>av undervisinga knytt til korona, og oppsettet av våre emne i Canvas.</p> <p>Studentane og programsensor peiker på at det er ulik praksis mtp å leggje ut opptak av forelesing og ikkje.</p> <p>Relevansen av faget var också meir tydeleggjort dei første semestera no enn kva han hadde fått tilbakemelding på tidlegare.</p> <p>Programsensor påpeikar at: «Den totale studiepoengproduksjonen har i [I perioden H-16 til H-20] mer enn doblet seg fra 2075 til 5510, noe som må sies å være en markant vekst som vitner om det gode arbeidet som er gjort på undervisningssiden og i rekruttering»</p>	<p>straumlinjeforme kor og korleis informasjonen er presentert og plassert digitalt. Instituttet vil sjå på dette.</p> <p>Vi er klar over at nokon ønskjer at forelesingar blir lagt ut på nett. Imidlertid er dette eit kontroversielt og mangefasettert tema som må handsamast grundig i staben.</p> <p>Programsensor meiner at våre løysingar for digital undervising i det store og det hele har fungert svært godt, og at me no må evaluere kva og korleis me skal ta med oss desse erfaringane vidare mtp å integrere digitale løysingar i vidare undervising post-korona. Dette vil me følgje opp.</p> <p>Alt i alt tyder både kvalitative og kvantitative indikatorar på at arbeidet instituttet har lagt ned i å utvikle og styrke undervisinga dei siste åra har vore vellykka. Me vil difor halde fram med å kontinuerleg evaluere kva som fungerer og kva som evt. kan forbetrast ytterlegare.</p>
V20: SANT102	<p>Vellykka grep å innføre nokre endringar i pensum for å i større grad synleggjere slektskap- og familieformers relevans i kontemporære samfunnsprosessar, t.d. knytt til migrasjon, innvandring og arv av eigendom.</p> <p>Studentane etterspør oppsummeringsforelesing.</p> <p>Vurdere innføring av meir studentaktive undervisingsformar.</p>	<p>Oppsummeringsforelesing er innført.</p> <p>Bruk av meir studentaktive undervisingsformar er innført.</p>
H20: SANT150	Studentane rapporterte om noko redusert utbyte av lese- og skrivebolken, sidan dette måtte gjennomførast digitalt.	Gjennomgang av pensum før V21 for å gjere eventuelle kutt i pensumomfanget.

	Studenten rapporterer om at pensum i bok to er for omfattande.	
H20: SANT104	Gjennomgående positive tilbakemeldingar på det faglege, noko problem med det digitale.  Noko sprik blant studentane om det er for mange «gamle» eller «nye» pensumtekstar.	Emneansvarleg er nå pensjonert, og emnet vil få ny emneansvarleg H21. I den samanheng er det noko revideringar i pensum.
H20: SANT285-6	Krevjande å spele inn Kultura-forelesing. Vellukka å invitere forfattarar som er representert på pensum til å presentere og diskutere på Zoom.	Emnet skal ikkje vidareførast.
H20: SANT302	Studentane rapporterer at korona-restriksjonar har ført til mindre kullkjensle og høgare terskel for å kommunisere med kvarandre og faglærarar.	Me planlegg ekstra tiltak av fagleg og sosial art for desse studentane når dei kjem heim frå feltarbeid tidleg haust 2021 for å styrke kullkjensla.

## Gjennomføringstall for 2020


Når det gjeld **kandidatproduksjon** frå **bachelorprogrammet** har talet vore stabilt i perioden 2015-2018, med merkbar auke i 2019, som heldt tydeleg fram i 2020. Sjå figur under.

Ferdige kandidater - Linjediagram



For kandidatproduksjon på master har talet gått fra 6 kandidatar i 2017 til 12 i 2018 og 14 i 2020. Sjå figur under.

## Ferdige kandidater - Linjediagram



I perioden H2016 til H2020 auka talet på registrerte studentar på bachelorprogrammet frå 174 til 259, og **studiepoengproduksjonen per student** frå 18,04 til 25,39. Den **totale studiepoengproduksjonen** har i denne perioden meir enn dobla seg frå 2075 til 5510

## Studieportefølje

### Planer for nedlegging, oppretting eller endring av studieprogram

Sjå ovanfor for skildring av praksisemne, engelskspråkleg masterprogram og sommarskule i Georgia. Elles melder me inn 1-2 emne i forskingsfront-rekka (SANT280-, SANT285- og SANT290-) for kvart semester innan gjeldande fristar).

### *Nordic Master in Integration and Migration*

Som del av eit konsortium samansett av Universitetet i Roskilde, DK, og Universitetet i Bergen spelar instituttet ein sentral rolle i utviklinga av ein Nordic Master in Migration and Integration. Initiativet har fått oppstartsfinansiering av Nordisk Ministerråd. Planlagt oppstart av programmet er 2023. Ved UiB er og Institutt for Samanliknande Politikk, Institutt for Sosiologi, Institutt for informasjons- og medievitskap og IMER Bergen (International Migration and Ethnic Relations Research Unit Bergen) involvert i programmet, men det er administrativt og

institusjonelt forankra hjå Institutt for sosialantropologi. Instituttet vurderer utviklinga av dette programmet som ei viktig strategisk satsing som bidrar til å fremje og synleggjere den allereie sterke forskings- og undervisningskompetansen på migrasjon og integrering på instituttet. Samstundes vil det også tilføre oss eit studietilbod på masternivå på engelsk og på sikt betydeleg auka studiepoeng- og kandidatproduksjon på masternivå.

### **Forskningsfronten i undervising**

Våren 2020 tilbaud me heile tre såkalla con amore-kurs, SANT280-14 SANT285-5 (10) og SANT290 (15 sp).

**SANT280-14** The Frontier of Anthropological Research: The Anthropology of Post-Socialist Societies and Beyond, som er ein del av forskningsprosjektet NorGePart, finansiert av DIKU og leia av professor Tone Bringa. Av 21 oppmelde vart 12 kandidatar vurderte i emnet.

**SANT285-5** Current Anthropological Research: The Shape of Time: An inquiry into theories of temporality and materiality. Av 15 oppmelde vart 6 kandidatar vurderte.

**SANT290** Capitalism/Anti-capitalism/Post-capitalism. Av 29 oppmelde vart 17 kandidatar sensurert.

Desse tre emna vart, i tillegg til det meir faste valemnet SANT240 (15 sp, 47 oppmeld og 34 sensurert), undervist på engelsk. Me opplevde eit større fråfall dette semesteret enn vanleg, og trur det ligg mykje i at tilboden mot utvekslingsstudentar og våre studentar med frie studiepoeng, vart for breitt og at dei konkurrerte med kvarandre. I tillegg vart desse emna ramma av rask omlegging til digital undervising då samfunnet stengde ned i mars grunna korona. I desse emna (unntatt SANT240) er det ikkje undervisningsassistent-ressursar tilgjengeleg, så studentane vart ikkje i like stor grad følgd opp her som i dei obligatoriske emna våre.

**Hausten 2020** tilbaud me SANT285-6 Current Anthropological Research: Corporations and Sustainable Development Goals gjekk hausten 2020. Av 34 oppmelde vart 25 sensurert.

### **Dimensjonering av studietilboden**

*Gi en kort vurdering av hvordan instituttets studietilbud er dimensjonert i forhold til undervisningsressursene som er tilgjengelige.*

Det har vore ei jamn auke i opptaket til BA-programmet dei siste åra. Talet på aktive studentar på programmet som heilskap var hausten 2020 så høgt som 259 studentar, mot 174 i 2016. Me tok opp 125 nye studentar i 2020, mot 68 i 2014.

Dette krev mykje av våre tilsette når det kjem til dagleg drift, sensur, e-postar og spørsmål frå studentane osv. me ser også at krava til auka eksternfinansiering fører til lite kontinuitet i undervisinga. Frikjøp av fast tilsette gjer at me får større bruk av vikar og mellombels tilsette, noko som går ut over undervisingsplanlegging, vår evne til å følgje opp tiltak retta mot studentane og så vidare. Evalueringar og sjølvevalueringar er sjølv sagt nyttige, men kan ikkje erstatte den einskilde undervisar sin kalibrering av emne over tid.

Alt i alt ser me at forholdstalet mellom tilbydde emne og tilgjengelege undervisningsressursar er svært sårbart, og ikkje gir rom for å utvikle nye emne som me gjerne skulle tilbydd; t.d. praksisemne eller andre emne som kunne ytterlegare synleggjere fagets arbeidslivsrelevans.

Hausten 2020 såg me nøydd til å tilsette to ekstra undervisingsassistentar grunna dei høge studenttala, lågare romkapasitet under korona, og behov for ekstra støtte til digital omlegging og tilrettelegging. Men grunna vedvarande aukande studenttal er det mogleg at me blir nøydd til å halde fram med å tilsetje fleire undervisningsassistentar enn dei to me normalt sett har hatt, sidan me ser at den auka studentmassen legg eit sterkt press på undervisningsassistentane sin arbeidskapasitet. I tillegg vil det også hausten 2021 vere høgare krav til digital undervising, og undervisningsassistentane har vore uvurderleg støtte i denne tida med digital omlegging. Dette er imidlertid sjølv sagt også eit budsjettspørsmål.

## **Arbeid knyttet til studiekvalitet**

*Beskriv kort status knyttet til UiBs målsettinger om studiekvalitet, inkludert satsingsområder i [Handlingsplanen for kvalitet i utdanning](#).*

### *Kontakt med arbeidslivet, inkludert praksis og involvering av arbeidsliv i utvikling av studieprogrammene*

Vi samarbeider med fagutvalet om å arrangere seminar om yrkesrelevans, og ønskjer å kunne tilby dette kvar semester. Om hausten har fagutvalet dei siste åra arrangert Antropologar i arbeidslivet, der 4-5 alumnar blir invitert til å snakke om sitt arbeid. Om våren ønskjer vi å tilby meir konkrete verktøy for å førebu studentar på siste semester av BA- og MA-graden overgangen til arbeidslivet, gjennom fokus på jobbsøking, intervjuetrening, CV- og søknadsskriving m.m. Våren 2021 vil det til dømes bli arrangert seminar der ein antropolog i arbeidslivet (Kajsa Amundsen frå NSD) og Karrieresenteret ved Saman fokuserer på mellom anna CV- og søknadsskriving.

På heimesidene til instituttet blir mangfaldet i kor studentane våre får jobb vist med alumnusportrett. Me etablerte også eit arbeidslivspanel ved instituttet for nokre år sidan, og me ønskjer å konkretisere korleis vi kan nyte dei som ressurs i større grad framover enn me har gjort. Me arbeider også med å utarbeide eit skriftleg hefte med informasjon om korleis dei kan nyta faget i arbeidslivet utanfor akademia, inkludert intervju med antropologar i arbeidslivet. Heftet skal delast ut til nye og gamle studentar ved semesterstart.

Når det gjeld å inkludere arbeidslivsrelevans i undervisinga er dette noko som programsensor Rune Flikke har peika på i større grad i 2020 enn tidlegare blir gjort på BA-nivå. Her er forelesarar blitt klart meir bevisste på å ta opp samfunnsaktuelle problemstillingar i undervisinga og slik viser korleis antropologar arbeidar samfunnsrelevant. I tillegg vart det hausten 2020 introdusert prosjektforslag for dei nye masterstudentane. Her tok me kontakt med alumnar i ulike sektorar og bad om konkrete problemstillingar som kunne passe som masterprosjekt. Respons både frå alumnar og studentar var veldig positiv.

Vi hadde også ein praktikant ved instituttet hausten 2020 frå vårt søsterinstitutt i København. Han gjennomførte ei arbeidslivsundersøking blant studentar som fullførte mastergraden sin hos oss mellom 2010-2020. Vi vil ta denne rapporten vidare både i arbeid for å styrke fokus på arbeidslivsrelevans, men også for å forbetre studieprogramma våre.

### *Etter- og videreutdanning*

Generelt opplever me høg interesse for SANT660 Fleirkulturell forståing og kommunikasjon og kurset får gode tilbakemeldingar.

Instituttet har førebels ingen planar om å auke storleiken på kurset eller opprette fleire EVU-kurs.

### *Innovasjon og entreprenørskap*

Å planlegge og gjennomføre eit feltarbeid frå A til Å er absolutt å regne som eit stykke innovativt entreprenørskap dersom ein forstår dette som ein nyskapande og nytenkande aktivitet. Ut over dette ser me ikkje relevansen eller moglegheitsrommet for å innpassa innovasjon og entreprenørskap i ortodoks forstand i vår kjerneverksemde.

### *Digital kompetanse og digitale ferdigheter som del av studieprogrammene*

Våre studentar opparbeider seg digital kompetanse gjennom bruk av Canvas og andre digitale undervisningsverktøy. Ut over dette arbeider me og med å bevisstgjere dei på læringsverdien knytt til bruk av analoge verktøy som bøker, penn og papir - i tråd med nyare forsking - slik at dei er i stand til å opparbeide seg eit reflektert forhold til den digitale tidsalder.

### *Utdanningsfaglig kompetanseheving i vitenskapelig stab*

Samla sett har heile undervisningsstaben opparbeidd seg omfattande kompetanse i alternative læringsmetodar og digitale verktøy som følgje av korona-omleggingane. Me arbeider òg kontinuerleg med intern kunnskapsoverføring, bl.a. ved å arranger felles undervisningsseminar for alle involvert i undervisning ved oppstarten av vårsemesteret.

## **Særskilte tema for 2020/2021**

### **Gjennomføring**

*Beskriv kort gjennomførte og planlagte tiltak for å minske studentenes frafall og gjennomføring på normert tid, og eventuelle effekter og evalueringer av tiltakene.*

Nokre tiltak me tenkjer har effekt på auka gjennomføring på bachelornivå er følgjande:

- Dynamiske arbeidsgrupper og kort avstand til instituttet via undervisingsassistentane/mentorane
- Mykje aktivitet i fagutval og Kula Kula, og kort avstand til studiekonsulent og undervisingsassistentane.
- Antrofredag/-måndag: eit ekstra møtepunkt på tvers av kull med fokus på fag.

Instituttet har oppretta ein komité som arbeider med ei brei kartlegging av bachelorprogrammet med tanke på å legge fram forslag til korleis auke opptaket til master-programmet. Komiteen arbeider mellom anna med ei spørjeundersøking blant tidlegare bachelorstudentar som ikke gjekk vidare til master, med det føremål å finne ut kvifor. Komiteen vil legge fram sine vurderingar og forslag ila våren 2021.

### **Studentaktive og varierte undervisnings- og vurderingsformer**

*Beskriv kort hvordan instituttet arbeider med studentaktive og varierte undervisnings- og vurderingsformer. Gi gjerne noen eksempler.*

Vi har dei siste åra fokusert på å auke variasjonen på **vurderingsform** ved å erstatte skuleeksamen med heimeeksamen på fleire emne (SANT150, SANT215 og forskingsfront-emna SANT280-, SANT285- og SANT290-). Justerande munnleg eksamen nyttast på SANT260 og SANT350 (BA- og MA-oppgåva).

Når det gjeld **undervisingsformar** har me auka fokus på skrivetrening sidan me innførte SANT150 i 2016. Elles får førsteårsstudentane praktisk erfaring med metode, gruppearbeid, rapportskriving og presentasjon gjennom minifeltarbeid på SANT100.

Undervisingsassistentane har også innført «Skrivekollektivet» i alle obligatoriske emne, der studentar på frivillig basis kan skrive artikkelsamdrag og kommentere kvarandre sine tekstar (SANT102-105) eller eit kort komparativt essay (SANT215). Det er også innført omgrepsoversikt i alle emne, kor studentar sjølv legg inn aktuelle omgrep i emnet, med definisjonsforklaring. Våren 2021 innførte emneansvarleg i samarbeid med undervisingsassistentane miniprosjekt i SANT102 der dei i grupper skulle lage visuell framstilling av slektskaps-/vennskapsrelasjonar. Me har også i større grad lagt opp til reine studentdreve arbeidsgrupper. Alle desse nye tiltaka har vore vellukka, og som vi ønskjer å halde fram med og/eller utvikle vidare.

Vi vil også ta ein større diskusjon om det er fornuftig å byte ut nokre av den meir standardiserte forma for obligatorisk oppgåve, som i dag er identisk i SANT102, SANT103, SANT104 og SANT105. På den eine sida er det viktig å ivareta studentane si skrivetrening, men vi ønskjer også å sjå på moglegheitene for å fremje andre formar for læringsutbytte. Forslag som skal vurderast er minifeltarbeid i SANT240 og/eller SANT104, og trening i artikkelsamdrag og tilbakemelding på tekst medstudentar imellom. Ein dimensjon ved å vurdere nye obligatoriske undervisingsaktivitetar er for å avlaste den store mengda med kommentering av oppgåver som ligg på undervisingsassistentane med stadig auka studentmasse.

Undervisingsassistentane har høg kompetanse på å nytte Canvas sine funksjonar og gjere undervisinga meir tilgjengeleg og inkluderande, både gjennom diskusjonsforum og skrivestove.

Sjå også informasjon om sommarskulen SANT270 på side 1. Me opplever at dette er ein motivasjon for mange for å få innblikk i antropologisk metode, og at det og fungerer som ei plattform for rekruttering til masterprogrammet.

### **Undervising under koronaepidemien**

*Har instituttet gjort seg erfaringer under korona med digital undervisning og vurdering som dere ønsker å ta med der videre i arbeidet med kvalitet i utdanningene?*

Vi kjem til å fortsette å ta i bruk dei digitale ressursane som Canvas og andre verktøy (som t.d. Kahoot) tilbyr, men i større grad som eit supplement og ikkje erstatning for fysisk undervisning. Me opplever at både studentar og tilsette saknar den meir spontane og direkte kontakten som fysisk undervisning fremjar. Som så mange andre har me opplevd å ofte snakke til svarte skjermar, trass i ulike forsøk på å appellere til studentane om det motsette. Samstundes synest me at det verkar som om studentane har hatt meir utbytte av undervisninga enn frykta, noko som òg er reflektert i Studiebarometeret 2020 der me får gjennomgåande god tilbakemelding på undervisninga.

**Årsrapport for utdanning 2020 er vedtatt i Institutt for sosialantropologi sitt Undervisingsutval den 09.03.2021 og Instituttråd den 11.03.2021.**